

Uskedeling med eigen fiskebåt

04.04.2016

**Alice Roseth Eik frå Uskedalen debuterte i fjor som lofofiskar som mannskap på båten til mannen Kurt Inge Helleberg. I år er ho attende på feltet, men no i eigen båt. Det er ein sjark på 34 fot og målsettinga er å henta opp 68 tonn torsk,.
Førebels har det gått litt tregt, men dei har fylt opp Kurt Inge sin kvote, melder Kvinnheringen. No er det hennar kvote som skal fyllast opp. Paret jobbar ut frå Henningsvær, og dei fiskar på såkalla open kvote.**

Paret skryter over prisane i år. I fjor fekk dei 9,40 kroner per kilo medan dei i år får 14 kroner. Men arbeidsdagane vert lange. Dagen før avisa hadde kontakt med ho starta dagen klokka 05.30 og vart ikkje avslutta før klokka 22.30.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen